


Delårsrapport 1. kvartal 2024



Delårsrapport – 1. kvartal 2024

Resultat

Aktivitetsnivå


Kapital og likvididet



- 2 mill bedre resultat f. skatt enn i fjor
- Stabil kostnadsutvikling
- Styrking av rentenetto



- Låg aktivitet i marknaden gir låg vekst
- 12 mnd. vekst i utlån 5,9 %
- 12 mnd. vekst i innskot 8,2 %



- God likviditetssituasjon. LCR på 260
- Rein kjernekapital 18,33 %
- Auke i tapsavsetnader

Delårsrapport 1. Kvartal 2024

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 8,192 mill. kr. pr. 31.03.24. Dette er 1,464 mill. kr. betre enn pr. 31.03.2023. Banken sine totale utlån inkludert Eika Boligkreditt syner det siste året ein auke på 5,9 % og er prega av lågare aktivitet i marknaden siste kvartal. Rentenettoen har styrka seg grunna stigande marknadsrenter. Den underliggende bankdrifta er solid, trass i at banken erfarer fleire mindre konkursar og aukar tapsavsetnadane i kvartalet. Banken sin balanse syner ei rein kjernekapitaldekning på 18,33 %.

Resultatrekneskapen

Kvartalsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v. og banken nyttar rekneskapsspråket IFRS.

Ørskog Sparebank har pr. 31.03.2024 eit resultat før tap og skatt på kr. 12,715 mill. Resultat før tap og skatt var pr. 31.03.2023 på kr. 9,040 mill.

Resultat etter tap og skatt er pr. 31.03.2024 kr. 8,192 mill., samanlikna med kr. 6,728 mill. kr. året før.

Ørskog Sparebank eig 73,91 % av Sjøholt Næringsbygg AS som igjen eig næringsbygget i Sjøholt sentrum. Selskapet er eit eigedomsselskap med ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Datterselskapet har ingen tilsette og selskapet si verksemd er vurdert som ubetydeleg. Det er difor banken sine tal som er kommentert i kvartalsrapporten. Konserntal er tatt med i dei notane der det er aktuelt.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter vart kr. 21,540 mill. noko som er høgare enn pr. utgangen av 1. kvartal 2023 (kr 18,413 mill). Dette utgjer 2,41 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK), mot 2,20 % i fjor. Rentenettoen har styrka seg dei siste 12 månadane grunna auka marknadsrenter og ei re-prising av portefølja med lån og innskot.

Norges Bank har sidan 2021 auka styringsrentene frå 0 % til 4,5 % som følgje av inflasjonen og høg aktivitet i norsk økonomi. Sentralbanken varslar mogleg rentekutt seinare i 2024. Ørskog Sparebank har heva rentene i takt med Norges Bank, men valte å ikkje sette opp rentene ved sist heving i desember 2023. I marknaden ser ein no dei høgaste bustadrentene sidan 2011. Alle som har kjøpt sin første bustad dei siste 13 åra opplever difor no historisk høge renter noko som verkar inn på det øvrige forbruket.

Provisjonsinntektene er kr. 4,761 mill. mot kr. 4,605 mill. kr. pr. 31.03.2023. Banken sin vekst innanfor skadeforsikring og fondssparing held fram, og styret er nøgd med at banken si strategiske satsing på breddesal og rådgjeving gir resultat. Inntekter frå Eika Boligkreditt aukar med kr. 0,275 mill i takt med at utlånsmarginen betrar seg og rentene har stabilisert seg.

Driftskostnader

Samla driftskostnader aukar med kr. 0,122 mill. og utgjer kr. 13,602 mill. mot kr. 13,480 mill. i fjor. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,52 % mot 1,61 % i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjer 52,7 % pr. 31.03.2024 mot 59,38 % pr. 31.03.2023.

Banken har i 2024 fleire tilsette enn fjoråret, og lønnskostnadane har auka i takt med fjorårets lønnsoppgjer. Banken arbeider kontinuerleg med å betre effektiviteten, og styret følgjer tett opp kostnadsutviklinga.

Tapskostnad

Bokførte tap på utlån og garantiar per 1. kvartal 2024 utgjer kr. 1,824 mill. mot kr. 0,098 mill. same tidspunkt i fjor. Dette utgjer 0,06 % av brutto utlån. Banken gjer løpande vurderingar av dei einskilde låneengasjementa i banken, og det er netto effekten av både inntektsføring av tidlegare tapsavsetnader, og nye tapsavsetnader som kjem fram i beløpet. Banken registrerer ein liten auke i konkursar blant kundane i 1. kvartal. Dette har ført til at banken har auka tapsavsetnader i kvartalet. Styret har vurdert samansetjinga av banken si utlånsportefølje grundig, og ein forventer at framtidige kredittap – gitt dei føresetnadane som er lagde til grunn – vil bli moderate.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjer kr. 3.682 mill. mot kr. 3.466 mill. på same tidspunkt i fjor.

Utlån

Totale utlån, inkl. Eika Boligkreditt AS, utgjør til saman 4.116 mill. kr. noko som er ein auke på kr 230 mill. siste 12 månader. Dette tilseier ein vekst på 5,9 %. I kvartalet har banken sine utlån auka med 10 mill. kr

Netto utlån til kundar på eigen balanse er ved utgangen av 1. kvartal på kr. 3.148 mill., ein auke på 252 mill. kr. (+8,7 %) frå i fjor på same tidspunkt. Lån til personmarknaden utgjør kr.3.386 mill. og lån til bedriftsmarknaden inkludert landbruket utgjør kr 730 mill. Andel lån til bedriftskundar inkludert landbruk utgjør 23 % av banken sine utlån i eigen balanse mot 22 % 31.03.2023.

Utlån finansiert i Eika Boligkreditt AS er ved utgangen av 1. kvartal på kr. 952,6 mill., ein reduksjon på kr. 29,7 mill. frå same tidspunkt i fjor.

Sterk konkurranse bankane imellom, låg kredittvekst og eit høgt rentenivå er faktorar som bidreg til den låge utlånsveksten. I banken sin hovudmarknad er det eit lågt tilbod av bustadar tilgjengeleg på marknaden, og samla sett er dette faktorar som preger etterspurnaden etter lån og kreditt i negativ retning. Styret ventar at aktiviteten vil ta seg noko opp utover i året når aktiviteten i bustadmarknaden aukar.

Kredittforringa kundar

Banken har eit lågt omfang av lån i restanse og overtrekk. Pr. 31.03.2024 er det kr 7 mill kr. i låneengasjement som står i restanse meir enn 30 dagar (31.03.2023 = kr. 5,5 millionar). I prosent av totale utlån utgjør dette 0,17 %. (2023 = 0,14 %).

Banken sin kredittpolicy, kompetente rådgjevarar og eit lågt rentenivå er viktige forklaringar til det låge volumet. Styret er nøgd med porteføljekvaliteten og det arbeidet banken legg ned for å overvake kredittrisikoen.

Likviditet og innskot

Banken har ein likviditetsstrategi som gir grunnlaget for samansetnaden av innlån og forfallsstrukturen. Likviditetsstrategien med forfallsstruktur blir følgt tett, og likviditetssituasjonen til banken er god. Banken har midlar disponibelt på konti i bankar, unytta trekkrettigheter, ei likvid obligasjonsportefølje og lånemoglegheiter i Norges Bank. Saman med ei god spreing i forfallsstrukturen, vurderer styret likviditetsreserven for å være god.

Banken sine innskot har auka med kr. 206,9 mill. siste 12 mnd., og utgjør no kr. 2.712 mill. Dette er ein auke på 8,26 %. Innskotsdekninga er på 85,73 % pr. 31.03.2024 mot 86,26 % pr. 31.03.2023. I kvartalet har banken sine innskot auka med 59,6 mill. kr.

Også på bankinnskot har det vore stor konkurranse dei siste 12 månadane. Eit stigande rentenivå gir auka interesse for banksparing som aktivaklasse.

Verdipapir

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjør kr. 124,5 mill. pr. 31.03.2024. Banken si obligasjonsportefølje utgjør kr. 295,4 mill.

Likviditeten er hovudsakeleg plassert i renteberande verdipapir, innskot i større bankar og i Norges Bank. Verdipapirplasseringane er i stat, kommunar og obligasjonar med fortrinnsrett. Dei aller fleste obligasjonane banken eig har flytande rente. Bankens kortsiktige likviditetsrisiko målt ved LCR var 260 % (306 %), og den langsiktige likviditetsrisikoen ved NSFR var 136 % (147 %).

Soliditet

Eigenkapitalen er på kr. 477,550 mill. kr. pr. 31.03.2024 som utgjør 12,97 % av forvaltningskapitalen

Pr. 31.03. har banken ei kapitaldekning på 22,55 % (22,95 %), og rein kjernekapitaldekning på 18,33 % (18,37 %). Dette er ei svekking samanlikna med same periode i fjor, som skuldast endringar i det risikovekta berekningsgrunnlaget.

Tal for den konsoliderte kapitaldekninga er ikkje klar per tidspunkt for avleggelse av regnskapsrapporten. En oppdatert versjon vil derfor bli publisert så snart desse tala er klar.

Risikovurdering

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank. Kredittrisikoen for tap på utlån, plasseringar og garantiar blir framleis vurdert som låg, samstundes som banken sine individuelle nedskrivingar på utlån blir vurdert som tilfredsstillande ut i frå risikoen og utviklinga i låneportefølja. Banken søker å ha ein moderat risikoprofil. Det er lagt opp til tett oppfølging og kontinuerleg overvaking av engasjementa.

Kredittrisikoen blir mellom anna overvaka ved at styret jamleg går gjennom rapportar om misleghald og overtrekk på konti og lån. Konsentrasjonsrisiko er risikoen banken har for at eitt eller fleire engasjement kan bli mislighaldt på grunn av negativ utvikling hos ein større kunde eller ein heil næringssektor.

Ørskog Sparebank har eit bevisst forhold til diversifisering av utlånsportefølja kring bransjar, geografi og storleik på enkeltengasjement. Banken søker å diversifisere mellom dei ulike segmenta og å unngå risiko i bransjar der ein ikkje har nok kompetanse eller er usikre på den generelle framtidige risikoen.

Banken har risiko for endringar i marknadsverdi på portefølja av obligasjonar og sertifikat som følgje av generelle endringar i kredittspreader. Det er etablert risikorammer som sikrar at porteføljen er diversifisert mot utstedarar, sektorar og geografiske områder. Marknadsrisikoen i portefølja skal være låg og portefølja skal ha høg likviditet. Hovuddelen av portefølja skal kunne nyttast som sikkerheit for lån i Norges Bank.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

Norges Bank sette opp renta i desember for 14. gong sidan 2021, og det framstår som konsensus blant analytikarar at renta ikkje vil stige meir i denne omgang. Inflasjonen er fallande, men krona har svekka seg gjennom kvartalet. Det er også forventingar om eit sterkt lønsoppgjer i 2024. Arbeidsløysa er låg og kapasitetsutnyttinga i næringslivet er høg, men unntak av bygg og anleggssektoren. Aukande marknadsrenter har styrka banken sin rentenetto, men styret ventar at den sterke konkurransesituasjonen om kundane vil svekke innteninga noko gjennom året. Styret vurderer at banken sin marknadsposisjon er sterk, og at ein kan vente noko auka utlånsvekst gjennom året når aktiviteten i bustadmarknaden tek til gjennom våren.

Totalt sett ventar difor styret at resultatet for 2024 vil bli på linje med 2023. Med banken sin solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengeleg lokalbank, venter styret at banken vil kunne oppretthalde ein god marknadsposisjon både i 2024 og framover.

Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og banksjef har den 24.04.2024 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 1. kvartal for Ørskog Sparebank per 31.03.2024. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtyding, er delårsrekneskapen for 1. kvartal 2024 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskap standardar. Opplysningane i rekneskapen gjev eit rett bilete av banken og konsernet sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 31.03.2024.

Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev delårsrekneskapen for 1. kvartal ein rettvisande oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 24.04.2024

Torstein L. Stavseng
Styreleiar

Arne Jan Sollied
Nestleiar

Hans Fredrik Furstrand
Styremedlem

Siw Pek
Tilsette sin repr.

Ingegjerd Eidsvik
Styremedlem

Silje Bruun Teigen
Styremedlem

Eirik Kavli
Banksjef

Resultatregnskap

Resultat		1. kvartal	1. kvartal	Året
Ordinært resultat - Tall i tusen kroner	Note	31.03.2024	31.03.2023	31.12.23
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		48.786	35.037	164.437
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		3.879	2.630	12.909
Rentekostnader og lignende kostnader		31.126	19.254	93.632
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		21.540	18.413	83.715
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		4.761	4.605	18.104
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		724	466	1.527
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		0	0	3.707
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 9	508	-181	-1
Andre driftsinntekter		233	150	545
Netto andre driftsinntekter		4.778	4.107	20.828
Lønn og andre personalkostnader		7.551	6.480	25.199
Andre driftskostnader		5.554	6.548	26.925
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		497	451	1.730
Sum driftskostnader		13.602	13.480	53.854
Resultat før tap		12.715	9.040	50.689
Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 7	1.824	98	5.843
Resultat før skatt		10.891	8.943	44.846
Skattekostnad		2.700	2.214	10.214
Resultat av ordinær drift etter skatt		8.192	6.728	34.632
<i>Utvidet resultat - Tall i tusen kroner</i>				
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger		0	0	-686
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over utvidet resultat	Note 9	-943	-1.932	5.828
Skatt		0	0	172
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		-943	-1.932	5.314
Totalresultat		7.249	4.797	39.947

Resultat - Konsern		1. kvartal	1. kvartal	Året
Ordinært resultat - Tall i tusen kroner	Note	31.03.2024	31.03.2023	31.12.23
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		48.199	34.457	161.656
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		3.879	2.630	13.279
Rentekostnader og lignende kostnader		31.126	19.254	93.632
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		20.953	17.832	81.303
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		4.761	4.605	18.104
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		724	466	1.527
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		0	0	3.707
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 9	508	-181	-1
Andre driftsinntekter		1.455	1.344	5.241
Netto andre driftsinntekter		6.000	5.302	25.524
Lønn og andre personalkostnader		7.611	6.480	25.259
Andre driftskostnader		5.866	6.919	28.380
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		965	923	3.615
Sum driftskostnader		14.442	14.321	57.254
Resultat før tap		12.510	8.813	49.573
Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 7	1.824	98	5.843
Resultat før skatt		10.686	8.715	43.730
Skattekostnad		2.700	2.214	10.214
Resultat av ordinær drift etter skatt		7.987	6.501	33.516
<i>Andre inntekter og kostnader - Tall i tusen kroner</i>				
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger		0	0	-686
Verdiendring egenkapitalinstrument	Note 9	-943	-1.932	5.829
Skatt		0	0	172
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		-943	-1.932	5.314
Totalresultat		7.044	4.569	38.831

<i>Resultat etter skatt</i>				
Majoriteten sin andel av resultatet i perioden		8.040	6.560	34.094
Minoriteten sin andel av resultatet i perioden		-53	-59	-578
<i>Totalresultat</i>				
Majoriteten sin andel av totalresultatet i perioden		7.097	4.629	39.409
Minoriteten sin andel av totalresultatet i perioden		-53	-59	-578

Balanseoppstilling

Balanse - Eiendeler

Tall i tusen kroner

	Note	31.03.2024	31.03.2023	31.12.23
Kontanter og kontantekvivalenter		80.120	77.610	80.304
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner		10.870	72.085	10.773
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 5, 6, 7	3.148.387	2.895.986	3.135.958
Rentebærende verdipapirer	Note 9	295.441	282.760	291.429
Finansielle derivater		1.077	230	984
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 9	117.141	115.893	117.990
Eierinteresser i konsernselskaper	Note 3	7.400	0	7.400
Varige driftsmidler		15.085	12.540	14.364
Utsatt skattefordel		2.693	3.849	2.693
Andre eiendeler		4.648	5.129	2.648
Sum eiendeler		3.682.860	3.466.083	3.664.543

Balanse - Gjeld og egenkapital

Tall i tusen kroner

		31.03.2024	31.03.2023	31.12.23
Innlån fra kredittinstitusjoner		127.441	150.211	162.190
Innskudd fra kunder		2.712.178	2.505.203	2.652.747
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 10	302.902	302.059	302.972
Finansielle derivater		0	251	0
Annen gjeld		13.549	18.693	18.396
Pensjonsforpliktelser		3.813	3.995	3.813
Forpliktelser ved skatt		3.588	3.986	10.137
Andre avsetninger		1.605	1.637	1.579
Ansvarlig lånekapital	Note 10	40.234	40.182	40.242
Sum gjeld		3.205.311	3.026.217	3.192.077
Opptjent egenkapital		429.358	392.875	397.834
Fondsobligasjonskapital		40.000	40.262	40.000
Periodens resultat etter skatt		8.192	6.728	34.632
Sum egenkapital		477.550	439.865	472.466
Sum gjeld og egenkapital		3.682.860	3.466.083	3.664.543

Balanse - Eiendeler - Konsern

Tall i tusen kroner

	Note	31.03.2024	31.03.2023	31.12.23
Kontanter og kontantekvivalenter		80.120	77.610	80.304
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralbanker		10.870	72.085	10.773
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 5, 6, 7	3.109.483	2.856.032	3.096.704
Rentebærende verdipapirer	Note 9	295.441	282.760	291.429
Finansielle derivater		1.077	230	984
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 9	117.141	107.393	117.990
Varige driftsmidler		58.725	59.162	58.472
Utsatt skattefordel		2.693	3.849	2.693
Andre eiendeler		6.375	6.474	4.087
Sum eiendeler		3.681.924	3.465.596	3.663.436

Balanse - Gjeld og egenkapital - Konsern

Tall i tusen kroner

		31.03.2024	31.03.2023	31.12.23
Innlån fra kredittinstitusjoner		127.441	150.211	162.190
Innskudd fra kunder		2.710.841	2.504.125	2.651.213
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 10	302.902	302.059	302.972
Finansielle derivater		0	251	0
Annen gjeld		14.788	19.029	19.458
Pensjonsforpliktelser		3.813	3.995	3.813
Forpliktelser ved skatt		3.588	3.986	10.137
Andre avsetninger		1.605	1.637	1.579
Ansvarlig lånekapital	Note 10	40.234	40.182	40.242
Sum gjeld		3.205.213	3.025.476	3.191.604
Opptjent egenkapital		426.805	391.071	396.549
Fondsobligasjonskapital		40.000	40.262	40.000
Periodens resultat etter skatt		8.192	6.501	33.516
Ikke kontrollerte interesser		1.714	2.286	1.767
Sum egenkapital		476.711	440.120	471.832
Sum gjeld og egenkapital		3.681.924	3.465.596	3.663.436

EIGENKAPITALOPPSTILLING

Morbank	Innskutt egenkapital	Opptjent egenkapital		
	Fonds-obligasjon	Sparebankens fond	Fond for urealiserte gevinster	Sum egenkapital
<i>Tall i tusen kroner</i>				
Egenkapital 31.12.2023	40.000	405.322	27.144	472.466
Resultat etter skatt	915	7.277		8.192
Verdiendring på finansielle eiendeler over utvidet resultat			-943	-943
Totalresultat 31.03.2024	915	7.277	-943	7.249
Utbetaling av gaver		-1.250		-1.250
Renter på fondsobligasjoner	-915			-915
Egenkapital 31.03.2024	40.000	411.349	26.201	477.550
Egenkapital 31.12.2022	40.272	375.138	21.550	436.960
Resultat etter skatt		6.728		6.728
Verdiendring på finansielle eiendeler over utvidet resultat			-1.932	-1.932
Totalresultat 31.03.2023	0	6.728	-1.932	4.796
Utbetalte renter hybridkapital	-10	-781		-791
Utbetaling av gaver		-1.100		-1.100
Egenkapital 31.03.2023	40.262	379.985	19.618	439.865

Konsern	Innskutt egenkapital	Opptjent egenkapital			Sum egenkapital
	Fonds-obligasjon	Sparebankens fond	Fond for urealiserte gevinster	Minoritet	
Tall i tusen kroner					
Egenkapital 31.12.2023	40.000	402.921	27.144	1.767	471.832
Resultat etter skatt	915	7.125		-53	7.987
Verdiendring på finansielle eiendeler over utvidet resultat			-943		-943
Totalresultat 31.03.2024	915	7.125	-943	-53	7.044
Utbetaling av gaver		-1.250			-1.250
Renter på fondsobligasjoner	-915				-915
Egenkapital 31.03.2024	40.000	408.796	26.201	1.714	476.711
Egenkapital 31.12.2022	40.272	373.274	21.550	2.345	437.441
Resultat etter skatt		6.560		-59	6.501
Skatt på verdiendring utlån			-1.932		-1.932
Totalresultat 31.03.2023	0	6.560	-1.932	-59	4.569
Utbetaling av gaver		-1.100			-1.100
Utbetalte renter hybridkapital	-10	-780			-790
Egenkapital 31.03.2023	40.262	377.954	19.618	2.286	440.120

NØKKELTAL

	1. kvartal	1. kvartal	Året
Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert	2024	2023	2023
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	52,70 %	59,38 %	53,41 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	16,54 %	18,89 %	16,98 %
Innskuddsmargin hittil i år	1,16 %	1,16 %	1,48 %
Utlånsmargin hittil i år	1,41 %	1,51 %	1,28 %
Netto rentemargin hittil i år	2,41 %	2,20 %	2,37 %
Egenkapitalavkastning ¹	6,68 %	4,89 %	9,64 %
¹ Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	23,09 %	22,93 %	23,37 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	28,13 %	30,50 %	28,38 %
Innskuddsdekning	85,73 %	86,26 %	84,22 %
Innskuddsvekst (12mnd)	8,26 %	11,33 %	6,54 %
Utlånsvekst (12 mnd)	8,93 %	6,96 %	8,98 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	5,91 %	9,38 %	8,38 %
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK)	3.583.474	3.391.491	3.532.260
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	4.537.323	4.331.073	4.494.267
Nedskrivninger på utlån og mislighold			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittlig brutto utlån	0,23 %	0,01 %	0,79 %
Tapsavsetninger i % av brutto utlån	0,48 %	0,29 %	0,44 %
Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert	2024	2023	2023
Likviditet			
LCR	260	306	170
NSFR	136	147	134

NOTE 1 – Generell informasjon

Ørskog Sparebank vart skipa i 1857. Banken tilbyr innskot, utlån og betalingsformidling samt tilhøyrande banktenester for personmarknaden Noreg og for bedriftsmarknaden på indre Sunnmøre og kring Ålesund.

Bankens hovudkontor har besøksadresse 6240 Ørskog .

Banken har notert obligasjonsgjeld på Nordic ABM på Oslo børs og har utstedt fondsobligasjonar Banken har ikkje utstedt eigenkapitalbevis.

Denne regnskapsrapporten gjelder frå 01.januar til 31.mars 2024. Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, om ikkje anna er oppgitt.

Rekneskapen for 1. kvartal 2024 ble godkjend av styret 24.04 2024.

NOTE 2 – Regnskapsprinsipp

Delårsrapport pr. 31. mars 2024 er utarbeidt i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og årsrekneskapsforskrifta. Delårsrapporten skal lesast med relasjon til siste årsrapport pr 31.12.2023.

Delårsregnskapet er ikkje revidert og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i soliditets berekninga.

Dei same rekneskapsprinsipp og berekningar er følgt i delårsregnskapet som i siste årsregnskap.

Tall i noter er angitt for bank viss ikkje anna er presisert i den enkelte note.

Det henvisast til årsrapporten for 2023 for ytterlegare beskriving av IFRS 9 og øvrige rekneskapsprinsipp.

NOTE 3 – Datterselskap / Tilknytta selskap

Ørskog Sparebank eig 73,91 % av aksjane i Sjøholt Næringsbygg. Eigarskapet er eit resultat av ei restrukturering som var ferdig i 2021 der kapitalutviding samt konvertering av gjeld til eigenkapital vart gjennomført. Dette vart gjort for å ta vare på verdien som ligg i ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Banken har ikkje intensjon om å vere langsiktig eigar i eigendommen.

NOTE 4 – Transaksjoner med nærstående parter

Innskott og utlån, samt transaksjoner mellom nærstående har same vilkår som overfor ekstern tredjepart.

	31.03.2024	31.03.2023
Renteinntekter	586	580

Balanseposter

Eiendeler:

Utlån	38.904	39.954
Ubenyttet kreditt	0	0
Garantier	0	0

Gjeld:

Innskudd fra kunder	1337	1.077
Kortsiktig gjeld	0	0

NOTE 5 – Kredittforringa engasjement

Mislighold over 90 dager

	1. kvartal	1. kvartal	Året
	2024	2023	2023
Brutto misligholdte engasjement - personmarkedet	1.347	5.248	2.212
Brutto misligholdte engasjement - bedriftsmarkedet	572	0	582
Nedskrivninger i steg 3	-746	-1.016	-1.246
Netto misligholdte engasjementer	1.173	4.232	1.548

Andre kredittforringede

	1. kvartal	1. kvartal	Året
	2024	2023	2023
Brutto andre kredittforringede engasjement - personmarkedet	11.511	5.728	11.977
Brutto andre kredittforringede engasjement - bedriftsmarkedet	51.403	17.277	37.563
Nedskrivninger i steg 3	-10.140	-4.112	-8.200
Netto andre kredittforringede engasjement	52.774	18.893	41.340

NOTE 6 – Fordeling utlån kunders

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	1. kvartal	1. kvartal	Året
	2024	2023	2023
Primærnæringer	140.517	89.473	134.157
Industri og bergverk	13.435	8.029	5.504
Kraftforsyning	12.986	12.690	12.842
Bygg og anleggsvirksomhet	70.500	70.202	74.503
Varehandel	75.804	72.598	74.105
Transport	12.593	7.104	11.090
Overnattings- og serveringsvirksomhet	17.559	32.545	44.348
Informasjon og kommunikasjon	0	0	2
Omsetning og drift av fast eiendom	313.787	286.154	286.690
Tjenesteytende virksomhet	72.711	87.033	92.996
Sum næring	729.892	665.827	736.237
Personkunder	2.433.811	2.238.491	2.413.582
Brutto utlån	3.163.703	2.904.318	3.149.819
Steg 1 nedskrivninger	-1.792	-1.102	-1.412
Steg 2 nedskrivninger	-2.913	-2.215	-3.097
Steg 3 nedskrivninger	-10.611	-5.016	-9.352
Netto utlån til kunder	3.148.387	2.895.985	3.135.958
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	952.588	982.297	956.417
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	4.100.975	3.878.282	4.092.375

NOTE 7 – Nedskrivninger

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kunder, unyttet kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheita for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit fort misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg blir gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringar i nedskrivninger og brutto balanseførte utlån, garantiar og unyttet kredittar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivninger ved utsending av nye utlån, unyttet kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivninger ved frårekning av utlån, unyttet kredittar og garantiar.
- Auke eller minkinga i nedskrivninger som skuldast endringar i inputvariablar, andre føresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

31.03.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2024	428	1.251	1.080	2.759
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	109	-109	0	0
Overføringer til steg 2	-14	23	-9	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	-219	-349	166	-402
Endringer som følge av nye eller økte utlån	48	0	0	48
Utlån som er fraregnet i perioden	-22	-19	-499	-540
Konstaterte tap	0	0	0	0
Nedskrivninger personmarkedet pr. 31.03.2024	329	797	738	1.864

31.03.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2024	2.251.729	147.663	14.188	2.413.580
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	32.940	-32.940	0	0
Overføringer til steg 2	-52.803	53.214	-411	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	-18.707	-8.783	-14	-27.504
Nye utlån utbetalt	182.966	0	0	182.966
Utlån som er fraregnet i perioden	-128.419	-6.528	-832	-135.779
Konstaterte tap	0	0	-45	-45
Brutto utlån til personmarkedet pr. 31.03.2024	2.267.706	152.625	12.886	2.433.217

31.03.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2024	983	1.846	8.272	11.101
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	454	-273	-181	0
Overføringer til steg 2	-81	141	-60	0
Overføringer til steg 3	-19	-37	56	0
Netto endring *)	-407	629	1.968	2.191
Endringer som følge av nye eller økte utlån	544	1	2.830	3.375
Utlån som er fraregnet i perioden	-12	-192	-3.014	-3.217
Konstaterte tap	0	0	0	0
Nedskrivninger bedriftsmarkedet pr. 31.03.2024	1.463	2.115	9.872	13.450

31.03.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2024	571.361	127.625	37.272	736.258
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	20.122	-17.489	-2.634	0
Overføringer til steg 2	-32.382	33.180	-798	0
Overføringer til steg 3	-10.206	-3.856	14.062	0
Netto endring *)	-15.986	-1.092	-1.476	-18.554
Nye utlån utbetalt	38.258	791	7.326	46.376
Utlån som er fraregnet i perioden	-10.650	-15.823	-7.120	-33.593
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 31.03.2024	560.516	123.337	46.633	730.486

31.03.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2024	63	30	94	187
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	7	-3	-4	0
Overføringer til steg 2	-1	1	0	0
Overføringer til steg 3	-4	-9	13	0
Netto endring *)	-17	4	172	159
Endringer som følge av nye eller økte ubenyttede kreditter og garantier	16	0	0	16
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i perioden	-1	-3	0	-5
Konstaterte tap	0	0	0	0
Nedskrivninger pr. 31.03.2024	63	19	275	357

31.03.2024	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2024	135.341	3.879	893	140.113
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	692	-645	-48	0
Overføringer til steg 2	-519	519	0	0
Overføringer til steg 3	-4.012	-1.252	5.264	0
Netto endring *)	5.938	44	-595	5.388
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	21.673	0	88	21.761
Engasjement som er fraregnet i perioden	-4.163	-507	-248	-4.918
Brutto engasjement pr. 31.03.2024	154.951	2.038	5.355	162.344

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2023	434	859	1.366	2.659
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	0	-214	0	-214
Overføringer til steg 2	-9	4.874	0	4.865
Overføringer til steg 3	0	-25	54	28
Netto endring *)	-153	149	1.133	1.129
Endringer som følge av nye eller økte utlån	0	0	0	0
Utlån som er fraregnet i perioden	-248	-617	-1.307	-2.172
Konstaterte tap	0	0	0	0
Nedskrivninger personmarkedet pr. 31.03.2023	23	5.026	1.246	6.295

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2023	2.130.581	140.307	11.974	2.282.862
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	13.907	-13.907	0	0
Overføringer til steg 2	-31.784	31.784	0	0
Overføringer til steg 3	0	-1.922	1.922	0
Netto endring *)	0	0	0	0
Nye utlån utbetalt	194.147	7	0	194.154
Utlån som er fraregnet i perioden	-205.829	-29.739	-2.920	-238.488
Konstaterte tap	-36	0	0	-36
Brutto utlån til personmarkedet pr. 31.03.2023	2.100.986	126.529	10.976	2.238.491

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2023	993	1.370	3.120	5.483
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	37	79	0	116
Overføringer til steg 2	-168	-4.356	0	-4.524
Overføringer til steg 3	0	-123	590	467
Netto endring *)	-193	-165	-1.097	-1.455
Endringer som følge av nye eller økte utlån	112	15	16	142
Utlån som er fraregnet i perioden	298	368	1.141	1.807
Konstaterte tap	0	0	0	0
Nedskrivninger bedriftsmarkedet pr. 31.03.2023	1.079	-2.812	3.770	2.038

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2023	561.240	87.802	11.517	660.560
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	12.815	-12.815	0	0
Overføringer til steg 2	-25.558	25.558	0	0
Overføringer til steg 3	0	-5.360	5.360	0
Netto endring *)	0	0	0	0
Nye utlån utbetalt	30.109	4	0	30.112
Utlån som er fraregnet i perioden	-25.147	531	-229	-24.845
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 31.03.2023	553.460	95.720	16.648	665.827

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2023	65	108	116	289
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	12	-38	0	-26
Overføringer til steg 2	0	1	0	1
Overføringer til steg 3	0	-3	0	-3
Netto endring *)	8	6	0	14
Endringer som følge av nye eller økte ubenyttede kreditter og garantier	19	2	0	21
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i perioden	-30	-16	-4	-50
Konstaterte tap	0	0	0	0
Nedskrivninger pr. 31.03.2023	73	61	112	247

31.03.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2023	127.756	28.549	581	156.886
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	5.772	-5.772	0	0
Overføringer til steg 2	-750	750	-59	-59
Overføringer til steg 3	0	-59	-59	-117
Netto endring *)	0	0	0	0
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	26.296	0	0	26.296
Engasjement som er fraregnet i perioden	-9.809	-378	36	-10.152
Brutto engasjement pr. 31.03.2023	149.265	23.091	500	172.855

Nedskrivninger i steg 3 på utlån og garantier	31.03.2024	31.03.2023
Individuelle nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	9.352	4.486
Økte individuelle nedskrivninger i perioden	0	0
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	3.482	644
Tilbakeføring av individuelle nedskrivninger fra tidligere perioder	-2.223	-114
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	0	0
Nedskrivninger steg 3 ved slutten av perioden	10.611	5.016

Resultatførte tap på utlån, kreditter og garantier	31.03.2024	31.03.2023	31.12.2023
Endring i perioden i steg 3 på utlån	1.317	626	4.814
Endring i perioden i steg 3 på garantier	212	-4	52
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2	187	-374	778
Konstaterte tap i perioden, der det tidligere er foretatt nedskrivninger i steg 3	42	0	0
Konstaterte tap i perioden, der det ikke er foretatt nedskrivninger i steg 3	67	36	0
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-1	-100	199
Periodens renter på lån med tapsavsetning	0	-87	0
Tapskostnader i perioden	1.824	98	5.843

NOTE 8 –Segmentinformasjon

Konsern	1. kvartal 2024				1. kvartal 2023				2023			
RESULTAT	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	16.490	5.049		21.539	14.359	4.054		18.413	60.469	23.246		83.715
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			0	0			0	0			3.707	3.707
Netto provisjonsinntekter			4.037	4.037			4.139	4.139			16.577	16.577
Verdiendring verdipapirer			508	508			-181	-181			-1	-1
Andre inntekter			233	233			150	150			545	545
Sum andre driftsinntekter	0	0	4.778	4.778	0	0	4.107	4.107	0	0	20.828	20.828
Lønn og andre personalkostnader			7.551	7.551			6.480	6.480			25.199	25.199
Andre driftskostnader			5.554	5.554			6.548	6.548			26.925	26.925
Avskrivninger på driftsmidler			497	497			451	451			1.730	1.730
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	13.602	13.602	0	0	13.480	13.480	0	0	53.854	53.854
Tap på utlån	-666	2.490		1.824	100	-198		-98			5.843	5.843
Gevinst aksjer				0				0				0
Driftsresultat før skatt	17.156	2.559	-8.824	10.891	14.259	4.252	-9.372	8.943	60.469	23.246	-38.869	44.846
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto utlån og fordringer på kunder	2.431.353	717.036		3.148.389	2.236.047	659.938		2.895.985	2.410.820	725.136		3.135.956
Innskudd fra kunder	2.076.337	635.841		2.712.178	1.924.157	581.046		2.505.203	1.985.705	667.042		2.652.747

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkunder som blir fulgt opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarkedet. Etter banken sin vurdering, ligg det ikkje føre vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som går inn i hovudmarkedene til banken.

Banken opererer i et geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gir lite tilleggsinformasjon.

NOTE 9 –Verdipapir

31.03.2024				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		295.441		295.441
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet			9.214	9.214
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			115.327	115.327
Sum	-	295.441	124.541	419.982

Avstemming av nivå 3	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	116.270	9.124
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		93
Urealisert gevinst/tap ført mot utvidet resultat	(943)	
Investering		
Salg		
Utgående balanse	115.327	9.214

Verkeleg verdimåling og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå tyder verdsettingssmetoden som er nytta for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut fra kvoterte priser i aktive marknader.

I nivå 2 er verdien utleda frå kvoterte prisar, eller marknadsverdiar.

Nivå 3 er verdier som ikke er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på vurdering av egenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verdivurdering av dei enkelte selskapa i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettelsesmetoder. Denne verdivurdering blir holden opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsetningskurs, sett i høve av banken sine egne vurderingar av hendingar frem til balansedagen. Til saman utgjør desse aksjane 99,643 mill. kroner av totalt 115,893 mill. kroner i nivå 3.

31.03.2023				Sum
Verdsettelseshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		282.760		282.760
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet			10.171	10.171
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			105.722	105.722
Sum	-	282.760	115.893	398.653

Avstemming av nivå 3	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	107.653	10.085
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet	86	
Urealisert gevinst/tap ført mot utvidet resultat	(1.932)	
Investering		
Salg		
Utgående balanse	105.807	10.085

NOTE 10 – Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	31.03.2024	Bokført verdi 31.03.2023	31.12.2023	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010850373	23.04.2019	23.04.2024	50.000	50.526	50.389	50.533	3m Nibor + 87 bp
NO0010867419	01.11.2019	01.11.2023	50.000	0	50.329	0	3m Nibor + 70 bp
NO0010932528	18.02.2021	08.05.2026	50.000	50.309	50.234	50.311	3m Nibor + 70 bp
NO0011025751	11.06.2021	11.06.2025	50.000	50.146	50.122	50.144	3m Nibor + 56 bp
NO0011125577	13.10.2021	13.10.2026	50.000	50.565	50.423	50.589	3m Nibor + 64 bp
NO0012719170	06.10.2022	06.10.2025	50.000	50.717	50.563	50.744	3m Nibor + 150 bp
NO0013038919	12.10.2023	12.10.2028	50.000	50.640	0	50.651	3m Nibor + 143 bp
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer				302.902	302.059	302.972	

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	31.03.2024	Bokført verdi 31.03.2023	31.12.2023	Rente- vilkår
Ansvarlig lånekapital							
NO0010891666	24.08.2020	28.08.2030	40.000	40.234	40.182	40.242	3m Nibor + 185bp
Sum ansvarlig lånekapital				40.234	40.182	40.242	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2023	Emitert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringer	Balanse 31.03.2024
Obligasjonsgjeld	302.972			-70	302.902
Sum gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	302.972	0	0	-70	302.902
Ansvarlige lån	40.242			-8	40.234
Sum ansvarlig lån og fondsobligasjoner	40.242	0	0	-8	40.234

NOTE 11 – Kapitaldekning

	1. kvartal	1. kvartal	Året
	31.03.2024	31.03.2023	31.12.2023
Morbank			
Egenkapitalbevis	0	0	0
Overkursfond	0	0	0
Sparebankens fond	400.963	373.256	403.927
Gavefond	0	0	0
Annen egenkapital	943	0	-515
Fond for urealiserte gevinster	27.145	21.550	27.289
Sum egenkapital	429.051	394.806	430.701
Utbytte	0	0	0
Fradrag for forsvarlig verdsetting	-420	-399	-417
Fradrag i ren kjernekapital	-80.992	-73.723	-80.737
Ren kjernekapital	347.639	320.684	349.548
Fondsobligasjoner	40.000	40.000	40.000
Fradrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	387.639	360.684	389.548
Ansvarlig lånekapital	40.000	40.000	40.000
Fradrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	40.000	40.000	40.000
Netto ansvarlig kapital	427.639	400.684	429.548
	31.03.2024	31.03.2023	31.12.2023
Eksponeringskategori (vektet verdi)			
Stater	0	0	0
Lokal regional myndighet	14.527	14.946	14.517
Offentlig eide foretak	0	0	0
Institusjoner	1.754	8.338	486
Foretak	53.561	98.742	71.743
Massemarked	264.388	181.934	272.046
Pantsikkerhet eiendom	1.210.075	1.128.640	1.195.300
Forfalte engasjementer	64.952	27.209	52.393
Høyrisiko engasjementer	26.391	29.536	23.326
Obligasjoner med fortrinnsrett	18.162	16.905	17.753
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	974	13.217	955
Andeler verdipapirfond	0	0	0
Egenkapitalposisjoner	44.284	48.192	50.446
Øvrige engasjementer	27.532	31.632	25.713
CVA-tillegg	1.897	0	0
Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko	1.728.497	1.599.291	1.724.677
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	167.801	146.317	169.627
Beregningsgrunnlag	1.896.298	1.745.607	1.894.304
Kapitaldekning i %	22,55 %	22,95 %	22,68 %
Kjernekapitaldekning	20,44 %	20,66 %	20,56 %
Ren kjernekapitaldekning i %	18,33 %	18,37 %	18,45 %

NOTE 12 – Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje vore hendingar etter utløpet av perioda som har ført til justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i noter til rekneskapen.